

## Innhald

1.	Innleiing .....	2
1.1	Stadnamn som kulturminne .....	3
1.2	Gjeldande rett.....	4
2.	Administrative og økonomiske konsekvensar .....	6
3.	Kommentarar til dei einskilde føresegnene.....	7
3.1	Innleiing.....	7
3.2	Gjennomgang av dei einskilde paragrafane.....	7
3.2.1	<b>Til § 1 Generelle reglar om skrivemåten av stadnamn</b> .....	7
3.2.2	<b>Til § 2 Normering av lydleg lånte stadnamn i fleirspråklege område</b> .....	9
3.2.3	<b>Til § 3 Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn</b> .....	10
3.2.4	<b>Til § 4 Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn</b> .....	11
3.2.5	<b>Til § 5 Særlege reglar om skrivemåten av kvenske stadnamn</b> .....	12
3.2.6	<b>Til § 6 Bruk av eittspråklege namn</b> .....	13
3.2.7	<b>Til § 7 Bruk av fleirspråklege namn</b> .....	13
3.2.8	<b>Til § 8. Saksbehandling</b> .....	15
3.2.9	<b>Til § 9 Vedtak</b> .....	17
3.2.10	<b>Til § 10 Klage</b> .....	19
3.2.11	<b>Til § 11 Klagenemnda</b> .....	20
3.2.12	<b>Til § 12 Verknad av klage</b> .....	21
3.2.13	<b>Til § 13 Gjenopptaking</b> .....	22
3.2.14	<b>Til § 14. Stadnamnkonsulenttenesta</b> .....	22
3.2.15	<b>Til § 15 Sentralt stadnamnregister</b> .....	23
4.	Gjeldande forskrift og nytt utkast – spegel .....	26
5.	Utkast til revidert forskrift om stadnamn .....	35

# HØYRING OM REVISJON AV FORSKRIFT OM SKRIVEMÅTEN AV STADNAMN

## 1. INNLEIING

*Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova)* vart endra ved *lov 19. juni 2015 nr. 74 om endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)*. Endringane fekk verknad frå 1. juli 2015. I samband med lovendringa gjer departementet framlegg om å revidere *forskrift 1. juni 2007 nr. 592 om skrivemåten av stadnamn*. Forskrifta er gitt med heimel i stadnamnlova § 13 og gir utfyllande reglar til stadnamnlova.

Ved lovendringa fekk grunneigarar rett til å fastsetje skrivemåten av namn på eige bruk<sup>1</sup> dersom dei kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn, jf. stadnamnlova § 6 andre ledd. Forskriftsendringa tek mellom anna sikte på å tilpasse forskrifta til lovendringane.

Stortinget vedtok samstundes endringar i andre føresegner i stadnamnlova. Definisjonar, struktur og språk vart gjort enklare og meir forståelege. Endringar i ei rekkje føresegner tydeleggjer samstundes kva kulturminneverdien til stadnamna er, og legitimerer offisiell normering som vernetiltak.<sup>2</sup> Regelverket skal ivareta omsynet til ein god normeringspraksis på den eine sida og romslegheit for dei som skal vedta stadnamn og skrivemåten deira på den andre sida.

Departementet gjer òg framlegg om å ta ut av forskrifta den særskilde rettleiingsdelen som mellom anna inneheld detaljerte språklege føringar for fastsetjing av skrivemåten av stadnamn. Slike detaljerte språklege føringar skal ikkje oppfattast som påbod/forbod og bør derfor ikkje fastsetjast i forskrifts form. Dei skal likevel vidareførast som rettleiing for vedtaksorgana og vil mellom anna vere lett tilgjengelege på Språkrådets nettstad.

Målsetjinga med endringa vil vere at vedtaksorgana skal stå friare i vedtaksprosessane og kan få eit større spelarom innanfor rammene i stadnamnlova om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn. Det er også nødvendig med ein eigen gjennomgang av språkreglane og Språkrådet er i gang med dette arbeidet. Endringar i rettleiinga skal gjennomførast etter ei grundig prosess med høyring av relevante instansar.

Departementet opnar i framlegget for at samiske namn ikkje treng å stå øvst på skilt i det samiske forvaltningsområdet. Kommunar som ønskjer å bli innlemma i det samiske

---

<sup>1</sup> Bruksnamn er namn på gardsbruk eller annan eigeendom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer, jf. lov om stadnamn § 2 c.

<sup>2</sup> Jf. Prop. 105 L (2014–2015) s. 5.

forvaltningsområdet, vil då stå fritt til å velje om det norske, samiske eller kvenske namnet skal stå øvst. I merknadene er det teke med to alternativ på dette punkt.

Det blir lagt opp til at skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kommune skal kunne skrivast etter skoltesamiske rettskrivingsprinsipp. I gjeldande forskrift er det i dag nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk rettskrivingsprinsipp som er omfatta. Dette er teke opp av Sør-Varanger kommune i brev og framlegget er støtta av Språkrådet og Sametinget.

Departementet ønskjer å forenkle ordninga med namnekonsulentar og i framlegget er detaljerte føresegnar stroke. Stadnamntenesta skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn. Språkrådet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske og kvenske stadnamn etter delegasjon frå departementet. Sametinget oppnemner stadnamnkonsulentar for samiske stadnamn. Dei siste åra har fleirtalet av namnesaker som stadnamntenesta har behandla, vore adressenamn (i all hovudsak gate- og vegnamn), der kommunane er vedtaksorgan.

Departementet vil etter høyringa òg vurdere på om det er behov for fleire endringar i stadnamnlova enn det som vart gjennomført i 2015.

### 1.1 Stadnamn som kulturminne

Stadnamna er ein del av vår felles kulturarv. Dei gir opplysningar om språk, terreng, ferdselsårer, dyreliv, plantevekst, militære varslingsssystem, kyrkjeleg styring, folkelege gjeremål, ordbruk, arbeid, tenkjemåte og levevis.

Stadnamn er ein synleg og viktig del av språket og språkkulturen. Stadnamn er viktige immaterielle kulturminne, og sjølv om kommunar stadig vedtek nye gate- og vegnamn, byggjer desse ofte på eksisterande namn og formidlar slik den kulturarven som stadnamna utgjer.

Noreg ratifiserte i 2007 UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven, jf. St.prp. nr. 73 (2005–2006). Artikkel 2(2c) i konvensjonen definerer immateriell kulturarv mellom anna slik: "muntlige tradisjoner og uttrykk, herunder språk som et uttrykksmiddel for immateriell kulturarv". Den immaterielle kulturarven har vorte "overført fra generasjon til generasjon". For å verne og fremje immateriell kulturarv pliktar kvar konvensjonspart etter artikkel 13(a) å "vedta en overordnet politikk som tar sikte på å fremme den immaterielle kulturarvens rolle i samfunnet og integrere vern av denne arven i sitt planleggingsarbeid". I St.prp. nr. 73 (2005–2006) om tilslutning til konvensjonen er stadnamnlova nemnd som ei av lovene som kjem inn under føresegnene i konvensjonen. Sentralt stadnamnregister (SSR), administrert av Statens kartverk som vedtaksorgan etter stadnamnlova, kjem inn under det som artikkel 12 omtalar som "fortegnelser" eller register over immateriell kulturarv, som alle statar pliktar å ha.

Fastsetjing av bindande skrivemåtar av stadnamn har òg ein praktisk funksjon ved at språkbrukarane i dei aller fleste tilfelle får berre éi form av stadnamn å halde seg til på

eitt språk (men ein stad kan t.d. ha eit norsk og eit samisk og/eller kvensk namn). Slik får alle ein felles, eintydig referanse til den same staden. Dersom det utviklar seg ein praksis med utstrekt bruk av uoffisielle skrivemåtar av stadnamn, kan det òg undergrave legitimiteten til normering og vern av stadnamn.

## 1.2 Gjeldande rett

Formålet med stadnamnlova er "å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skygger for meningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna" (§ 1 første ledd).

Dei fleste stadnamna som i dag blir tekne i bruk av det offentlege, har vorte til spontant på folkemunne av dei som ferdast i eit område. Andre namn er resultat av meir eller mindre formell namngiving. Slik planlagd namngiving fanst òg i tidlegare tider, men det er først i dei siste 150 åra at planmessig namngiving har vorte vanleg.

Den planmessige namngivinga i dag må likevel ofte samanliknast med oppattkalling. Det er til dømes vanleg at ein kommune som skal gi namn til ein veg som ledd i pålagd adresseringsarbeid, vil ta i bruk namn som har folkeleg tradisjon og ein nedverd lokal uttale. Då har ofte namnet også ein eller fleire skrivemåtar som har vore i offentleg bruk, men dei er ikkje alle like godt kjende. Desse skrivemåtane kan nyttast som grunnlag for å gjere vedtak om skrivemåten av det nye namneobjektet.

Etter matrikkellova § 21 er kommunane pålagde å fastsetje offisiell adresse til eigedommar og bygningar. Matrikkelforskrifta § 51(1) slår fast at kommunen skal tildele "alle gater, veger, stier, plasser og område som blir brukt til offisiell adressering, et navn som er entydig innenfor kommunen", og at skrivemåten skal fastsetjast etter reglane i stadnamnlova. Denne regelen blir praktisert slik at kommunar ikkje kan vedta parallelle namn på same gate eller veg på to (eller fleire) forskjellige språk, t.d. norsk og samisk/kvensk.

Etter stadnamnlova § 5 er kommunane vedtaksorgan i samband med fastsetjing av skrivemåten av ei rekkje andre typar stadnamn: "Kommunen vedtek skrivemåten av offisiell adresse og namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l.", jf. § 5 første ledd. Fylkeskommunen vedtek skrivemåten av fylkeskommunale anlegg o.l. . Statens kartverk vedtek skrivemåten av "gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, namn på statlege anlegg o.l." jf. § 5 tredje ledd første punktum.

Skrivemåtar av stadnamn som er fastsette etter stadnamnlova, skal først inn i Sentralt stadnamnregister (SSR), som blir forvalta av Statens kartverk. Kommunar og andre offentlege instansar skal av eige tiltak bruke skrivemåtane i SSR, jf. stadnamnlova § 9 første ledd jf. § 1 tredje ledd.

Stadnamnlova avgrensar rommet for vedtaksmyndigheita til vedtaksorgana gjennom føresegnene om namnevern i lova § 3, særleg andre ledd, som seier at eit nedverd stadnamn berre kan bytast ut med eit anna namn dersom det andre namnet har

tradisjon som namn på det same namneobjektet, t.d. den same tettstaden eller den same grenda. Fastsetjing av skrivemåten skal ifølgje lova § 4 ta utgangspunkt i "den nedervde lokale uttalen", og han skal følgje norske, samiske eller kvenske rettskrivingsprinsipp. På denne måten blir i stor grad det språklege uttrykket vidareført ved normering. Nokre gonger vil det språklege uttrykket i namnet ikkje gi meining for oss i dag, men også slike namn er viktige å vidareføre.

Namnevernet i lova skal sørge for at gamle stadnamn blir vidareførte med utgangspunkt i nedervd lokal uttale og med ein skrivemåte som er praktisk for kartprodusentar, brukarar og tenesteutøvarar, og som ikkje i seg sjølv skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet. Den nærare reguleringa av skrivemåten følgjer av forskrift 1. juni 2007 nr. 592 om skrivemåten av stadnamn, gitt med heimel i stadnamnlova § 13.

I høyringsnotatet om endringar av stadnamnlova skreiv departementet at "[f]ramlegg til endring i formålsteksten er ei direkte legitimering av offisiell normering som vernetiltak". Etersom ingen av høyringsinstansane hadde innvendingar mot dette, la departementet til grunn at verkemiddelet i lova, offisiell normering, har stor oppslutnad. Dette er også indirekte ei anerkjenning av den språkhistoriske og namnefaglege kompetansen som skal til for vurdere skrivemåten av stadnamn.

Det finst fleire døme på at kommunar opplever rammene for fastsetjing av skrivemåten av stadnamn som for snevre. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har bedt Kulturdepartementet vurdere å gi kommunane større medverknad i endeleg fastsetjing av korleis lokale stadnamn skal skrivast, og viser i brev 16. juni 2015 bl.a. til det paradokset at hovudregelen i stadnamnlova er at skrivemåten skal byggje på "lokal nedervd uttale" samtidig som språkreglane i forskrifta stengjer for skrivemåtar som utan tvil gir att "lokal nedervd uttale".

I Nord-Aurdal kommune har det gjennom mange år vore brukt dialektnære skrivemåtar av stadnamn som er i strid med språkreglane, men i samsvar med lokal nedervd uttale. Her vil språkreglane i forskrifta stengje for skrivemåtar som *bakkadn* (= bakkane) og *brøtin* (= bråten), dersom dei blir tolka autoritativt.

Kulturdepartementet ser på desse sakene som eksempel på at det innanfor rammene av stadnamnlova kan vurderast ei omlegging av praksis i retning av å gi kommunane auka reell innverknad på skrivemåten av stadnamn og dermed over den lokale skiltinga.

## **2. ADMINISTRATIVE OG ØKONOMISKE KONSEKVEN SAR**

I framlegget er det opna for at skoltesamiske (austsamiske) stadnamn i Sør-Varanger kommune kan normerast etter skoltesamiske rettskrivingsprinsipp. Dette vil ifølgje Statens kartverk truleg ikkje ha nemneverdige økonomiske og administrative konsekvensar for dei i samband med føringa av Sentralt stadnamnregister. Det vil likevel krevje at Sametinget held seg med skoltesamisk språkkompetanse i namnekonsulenttenesta for samiske stadnamn.

Det kan bli nokre fleire saker til behandling dersom saker blir gjenopna som følgje av oppmjuking av regelverket, men det er ikkje mogleg å talfeste. Departementet reknar derfor ikkje med at framlegget medfører nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

### 3. KOMMENTARAR TIL DEI EINSKILDE FØRESEGNENE

#### 3.1 Innleiing

Forskrifta har i dag ein kompleks struktur og består forutan ei rekkje føresegner av ein eigen rettleiingsdel, "Rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn". Rettleiinga inneheld spesialiserte språklege føringar, regler om saksbehandlinga, informasjonsstoff og kommentarar til forskrifta m.m.

Vi foreslår som eit hovudgrep å ta rettleiingsdelen ut av forskrifta. Dette vil gjere det klarare at rettleiinga har ein annan status enn lova og forskrifta. Det er særleg viktig at dei språklege føringane blir oppfatta mindre som påbod og meir som rettleiande retningslinjer. Dei skal likevel vidareførast, og vil mellom anna vere lett tilgjengelege på Språkrådets nettstad. Endringar i desse reglane skal berre gjennomførast etter ein grundig prosess med høyring av relevante instansar.

Målsetjinga med endringa vil vere at vedtaksorgana skal stå friare i vedtaksprosessane og kan få eit større spelarom innanfor rammene i stadnamnlova om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn. Det er også nødvendig med ein eigen gjennomgang av språkreglane. Språkrådet er i gang med dette arbeidet.

Vi foreslår vidare å endre tittel på forskrifta til *forskrift om stadnamn (stadnamnforskrifta)*. Grunngevinga er at forskrifta ikkje berre har regler om skrivemåte, men mellom anna også om namnsetjing og saksbehandlingsreglar. Tittelen bør gjerast meir dekkjande for innhaldet i forskrifta.

Føresegnene i forskrifta utfyller og til dels også gjentek eller presiserer føresegnene i stadnamnlova. I framlegget til ny forskrift tek vi sikte på i sterkare grad å avgrense innhaldet i forskrifta til det som ikkje allereie følgjer av lova.

#### 3.2 Gjennomgang av dei einskilde paragrafane

##### 3.2.1 Til § 1 Generelle reglar om skrivemåten av stadnamn

###### Gjeldande § 1 lyder slik:

Det skal takast omsyn til tidlegare normeringspraksis så langt ein kan gjere det utan å komme i strid med lova. Når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør namneskikken på staden følgjast.

Ved namn på større og/eller særleg kjende lokalitetar kan det takast omsyn til innarbeidd skriftradisjon. For samiske eller kvenske namn skal det særleg takast omsyn til munnleg tradisjon.

Skrivemåten i primærfunksjonen skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane.

###### Merknad:

Paragrafen inneheld generelle regler for namnsetjing, dvs. laging av nye stadnamn, og normering, dvs. fastsetjing av skrivemåte. Departementet gjer framlegg om ein klårare inndeling av paragrafen slik at første ledd inneheld ein generell hovudregel om namnsetjing og andre ledd inneheld nokre generelle reglar om fastsetjing av skrivemåte. Departementet gjer samstundes framlegg om å endre overskrifta slik at ho omfattar namnsetjing i tillegg til normering.

Gjeldande **første ledd** første punktum inneheld ein regel om at det skal takast omsyn til tidlegare normeringspraksis så langt ein kan gjere det utan å komme i strid med lova. Dette er foreslått stroke. Bakgrunnen er at det i stadnamnlova § 4 første ledd og i framlegget til § 3 i forskrifta allereie er lagt til grunn at gjeldande rettskrivingsprinsipp og rettskrivingar for bokmål og nynorsk skal leggjast til grunn i normeringa av stadnamn, likevel slik at vedtaksorgana skal ha ei romsleg ramme å halde seg innanfor. Den noverande ordlyden vil i for stor grad binde vedtaksorgana til vedtak som er gjorde innanfor tidlegare regelverk.

I framlegget til ny § 1 første ledd er det teke inn ei formulering som slår fast at ein bør byggje på nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden når nye namneobjekt skal namnsetjast. Dette er i tråd med hovudregelen i lova om namnevern, § 3 andre ledd, der det heiter at eit nedervd stadnamn ikkje kan bytast ut med eit namn utan tradisjon på staden dersom ikkje særlege grunnar talar for det. Prinsippet om å byggje på nedervde stadnamn og lokalt ordtilfang er å rekna som eit ulovfesta hovudprinsipp på stadnamnfeltet. Prinsippet kjem òg til uttrykk i boka *Adresser og stadnamn. Del 1. Handbok i kommunal adressetildeling* s. 63–66 (Statens kartverk, Miljøverndepartementet og Norske kommuners sentralforbund, 1986), Statens kartverks rettleiar *Om tildeling og forvaltning av adresser etter matrikkellova. Adresseveileder* (nyaste versjon oppdatert i 2016) og i Språkrådets brosjyre *Namnsetjing av gater og vegar* (2012).

Prinsippet om å byggje på tradisjonelt ordtilfang på staden inneber at ein bør nytte ord som alt er i bruk i den lokale dialekten og i andre stadnamn på staden. T.d. kan ord som *allé, aveny, chaussé og terrasse* verke framand i veg- og gatenamn mange stader. I Språkrådets brosjyre kan ein lese om bruk av lokalt ordtilfang: "Ein kan gjerne bruke meir dialektale ord som *brekke, gang, geil, gutu, kleiv, lei, linne, løype, rekster, renne, råk, smug, strete, tråkk* og *veit* i staden for dei meir vanlege etterledda *veg* og *gate*."

Departementet gjer vidare framlegg om endringar i **andre ledd**. Nytt første punktum er ei formulering som i dag går fram av forskrifta § 3 andre ledd. Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving. Regelen gjeld for norske, samiske og kvenske stadnamn og høyrer derfor heime i § 1.

Dei foreslåtte formuleringane i andre ledd, andre og tredje punktum, er generelle prinsipp som blir praktiserte i dag, og som er henta dels frå rettleiinga og dels frå forarbeida til lova.



Departementet gjer vidare framlegg om eit nytt **tredje ledd** som presiserer at dei generelle reglane i paragrafen gjeld for både norske, samiske og kvenske stadnamn. Regelen i andre punktum om at det *for samiske og kvenske stadnamn skal takast særleg omsyn til munnleg tradisjon*, er ei vidareføring av gjeldande andre ledd andre punktum.

Gjeldande tredje ledd blir stroke. Regelen følgjer allereie av stadnamnlova § 4 andre ledd.

### **Framlegg til ny § 1**

§ 1. Generelle reglar om *namnsetjing og fastsetjing av skrivemåten av stadnamn*

*Når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør ein byggje på lokale nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden.*

*Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving. Namn som inneheld utdøydd eller uklare språkelement, skal som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Skrivemåten av stadnamn kan fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd.*

*Reglane i denne paragrafen gjeld for norske, samiske og kvenske stadnamn. For samiske og kvenske stadnamn skal det takast særleg omsyn til munnleg tradisjon.*

### **3.2.2 Til § 2 Normering av lydleg lånte stadnamn i fleirspråklege område**

Gjeldande § 2 lyder slik:

Lydleg lånte stadnamn som har fått ein innarbeidd uttale, skriv ein etter rettskrivingsreglane i låntakarspråket. (Døme 1: norsk Badderen, kvensk Paattari av samisk Báttar. Døme 2: kvensk Kiiperi av norsk Kiberg.)

Ikkje-innarbeidd namneformer skal skrivast i samsvar med reglane i opphavsspråket. (Døme: Šihčajávri. Namnet skrivast etter reglane i nordsamisk fordi lokalitstaden har ikkje-innarbeidd namn på andre språk.)

Om eit lånt stadnamn inneheld eit ledd, oftast forledd, som er brukt i eit stadnamn i eit anna språk, kan namneleddet skrivast i samsvar med rettskrivingsreglane i dette språket. Den andre delen av stadnamnet, oftast etterleddet, skriv ein i samsvar med rettskrivingsreglane i låntakarspråket. (Døme: Kaiskikotavatnet, Lallakuruvegen.) I andre tilfelle skriv ein namneleddet i samsvar med reglane i låntakarspråket. (Døme: Tjorteberget, Gottivollen, Kontefjellet.)

Merknad:

Paragrafen inneheld særreglar for lydleg lånte stadnamn i fleirspråklege område. Med lydleg lånte stadnamn er meint ei rekkje av lydkombinasjonar som er lånte frå eitt språk til eit anna. Departementet foreslår ingen endringar i § 2 utover at eksempla blir tekne ut av forskrifta. Desse høyrer meir naturleg heime i rettleiingstilfang til stadnamnlova og forskrifta.

## **Framlegg til ny § 2**

§ 2 Normering av lydleg overførte stadnamn i fleirspråklege område

Lydleg lånte stadnamn som har fått ein innarbeidd uttale, skriv ein etter rettskrivingsreglane i *låntakarspråket*.

*Ikkje-innarbeidd* namneformer skal skrivast i samsvar med reglane i *opphavsspråket*.

Om eit lånt stadnamn inneheld eit ledd, oftast forledd, som er brukt i eit stadnamn i eit anna språk, kan namneleddet skrivast i samsvar med rettskrivingsreglane i dette språket. Den andre delen av stadnamnet, oftast etterleddet, skriv ein i samsvar med rettskrivingsreglane i *låntakarspråket*. I andre tilfelle skriv ein namneleddet i samsvar med reglane i *låntakarspråket*.

### **3.2.3 Til § 3 Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn**

Gjeldande § 3 lyder slik:

Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei tillaten form i den målforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.

Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving.

Ved fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn skal det leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har når det gjeld skrivemåte.

Merknad:

Gjeldande § 3 inneheld retningslinjer for fastsetjing av skrivemåten av norske stadnamn og presiserer og utfyller reglane i stadnamnlova § 4. Med "den nedervde lokale uttalen" i første ledd er meint den uttalen som er munnleg og skriftleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk.

Departementet gjer framlegg om endringar i § 3 første ledd slik at passusen «ei tillaten form i den målforma» blir bytte ut med «den rettskrivingsforma» i første ledd. Dette inneber at ein tek utgangspunkt i rettskrivingane for både nynorsk og bokmål, men slepp å vurdere kva målform som ligg nærmast den nedervde lokale uttalen. Dette er i samsvar med praksis.

Departementet gjer òg framlegg om å endre "skal det veljast" til "skal ein som hovudregel velje". Dette er gjort fordi andre punktum eksplisitt opnar for unntak "når særlege grunnar talar for det".

Gjeldande andre ledd, som er ein hovudregel om namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, er som nemnt over foreslått flytta til § 1 i forskrifta, sidan dette er ein generell regel som gjeld for både norske, samiske og kvenske stadnamn.

Gjeldande tredje ledd er foreslått stroke fordi det er overflødig etter lovendringa i 2015, då eigaren av eit bruk fekk rett til å fastsetje skrivemåten av bruksnamnet dersom han

kan dokumentere at den ønskede skrivemåten har vore i offentlig bruk som bruksnamn (lova § 6 andre ledd første punktum).

### **Framlegg til ny § 3**

§ 3. Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn

Ved fastsetjing av skrivemåten skal *ein som hovudregel velje den rettskrivingsforma* som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.

#### **3.2.4 Til § 4 Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn**

##### **Gjeldande § 4 lyder slik:**

Ved fastsetjing av skrivemåten av samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i nordsamisk, lulesamisk eller sørsamisk. Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland sør til Tysfjord kommune. Lulesamisk rettskriving skal brukast herifrå og sørover til Meløy kommune. Frå Rana kommune skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei enkelte språkområda skal ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. Dersom det er brukt fleire samiske namn på same namneobjektet, skal det eldste namnet som hovudregel brukast av det offentlege.

I avveginga av dei ulike omsyna skal ein leggje særleg vekt på at stadnamna får ein mest mogleg einskapleg skrivemåte innanfor det samiske språkområdet.

Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving. Dialektformer av namn og namneledd som ikkje finst andre stader, kan ein skrive i samsvar med den lokale uttalen.

##### **Merknad:**

Føresegna utfyller stadnamnlova § 4 når det gjeld skrivemåten av samiske stadnamn.

**Første ledd** første punktum er vidareført i framlegget, sjølv om det òg går fram av stadnamnlova § 4 at det skal takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. I § 1 tredje ledd er det likevel presisert at ein særleg skal ta omsyn til munnleg tradisjon når det gjeld samiske namn.

Departementet foreslår ei ny formulering som inneber at skoltesamiske (austsamiske) stadnamn i Sør-Varanger kommune blir teken inn i første ledd tredje punktum.

Skoltesamisk er kodifisert som skriftspråk i Finland, og i prinsippet kan ein normere skoltesamiske stadnamn i Noreg etter skoltesamiske rettskrivingsprinsipp.

Departementet ber òg om innspel når det gjelder behov for omskriving av grensene mellom dei områda som er rekna opp i første ledd for dei ulike samiske språka. Statens kartverk har opplyst at i Sentralt stadnamnregister er det i Rana kommune registrert 107 stadnamn som er kategoriserte som lulesamiske, og 47 stadnamn som er kategoriserte som sørsamiske, alle med skrivemåtestatus "godkjend" og endringsdato på 2000-tallet. Det er altså fleire lulesamiske enn sørsamiske namn i Rana kommune, trass i at Rana etter denne regelen skal vere i sørsamisk område. Regelen er òg

formulert slik at det er språkleg uklart om nordsamisk eller lulesamisk skal leggjast til grunn i Tysfjord kommune.

I første ledd er det òg teke inn eit nytt punktum om at det kan veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det. Ein slik regel gjeld òg for norske stadnamn.

I **andre ledd** foreslår departementet å endre "det samiske språkområdet" i eintalsform til "dei ulike samiske språkområda" i fleirtalsform. Dette gjer vi for å presisere at nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk og skoltesamisk er separate språk.

Gjeldande § 4 tredje ledd er flytta opp i ny § 1, sjå merknad ovanfor.

#### **Framlegg til ny § 4**

§ 4 Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn

Ved fastsetjing av skrivemåten av samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. *Skrivemåten* skal følge gjeldande rettskrivingsprinsipp i nordsamisk, lulesamisk, skoltesamisk eller sørsamisk. *Skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kan normerast etter skoltesamiske rettskrivingsprinsipp*. Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland sør til Tysfjord kommune. Lulesamisk rettskriving skal brukast herfrå og sørover til Meløy kommune. Frå Rana kommune og sørover skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei enkelte språkområda skal ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. *Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det*. Dersom det er brukt fleire samiske namn om det same namneobjektet, skal som hovudregel det eldste namnet brukast av det offentlege.

I avveginga av ulike omsyn skal ein leggje vekt på at stadnamna får ein einskapleg skrivemåte innanfor *dei ulike samiske språkområda*.

#### **3.2.5 Til § 5 Særlege reglar om skrivemåten av kvenske stadnamn**

Gjeldande § 5 lyder slik:

Ved fastsetjing av skrivemåten av kvenske stadnamn skal ein ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen.

Merknad: Departementet foreslår at føresegna blir vidareført uendra sjølv om den same regelen følgjer av stadnamnlova § 4 første ledd første punktum. Høyringsinstansar med særleg kunne om kvensk bør vurdere om det her bør takast inn eit nytt andre ledd om regionale samleformer eller reine dialektformer på same måte som for norsk og samisk:

*Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.*

### 3.2.6 Til § 6 Bruk av eittspråklege namn

#### Gjeldande § 6 lyder slik:

Når eit namneobjekt har berre eit samisk namn, eit kvensk namn eller eit norsk namn, skal dette namnet brukast utan omsetjing eller tilpassingar.

Merknad: Departementet foreslår ingen endringar.

### 3.2.7 Til § 7 Bruk av fleispråklege namn

#### Gjeldande § 7 lyder slik:

Dersom eit namneobjekt har samisk og/eller kvensk namn i tillegg til eit norskspråkleg namn, og namneformene er i bruk blant folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknytning til staden, skal begge eller alle namna brukast.

I samanhengande tekst bruker ein det namnet som samsvarer med språket i teksten.

På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal vedtaksorganet fastsetje rekkjefølgja av namna. Ved fastsetjing av rekkjefølgja skal ein ta omsyn til språkbruken på staden. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkjefølgja vere samisk, norsk, kvensk.

Der det av praktiske årsaker er særskilt vanskeleg å bruke fleire namn, skal det ved valet mellom norsk, samisk og kvensk leggjast vekt på kva for eit namn som har lengst tradisjon og er best kjent på staden. Det norske namnet treng ikkje vere med dersom det er ei fornorska form av det samiske eller kvenske namnet, skil seg lite frå det og ikkje er i vanleg bruk i den norske forma. (Døme: norsk Skaidi av samisk Skáidi.)

#### Merknad:

Føresegna i § 7 inneheld regler for namneobjekt som har namn på fleire språk, t.d. samisk i tillegg til norsk.

Innhaldet i gjeldande **første ledd** er dekt av innhaldet i stadnamnlova § 9 andre ledd. Departementet gjer derfor framlegg om at gjeldande første ledd blir stroke. Nytt første ledd, som er ei vidareføring av gjeldande andre ledd, får ei innleiingssetning, utan at det inneber ei realitetsendring.

Gjeldande **tredje ledd** er ein regel om rekkjefølgja av stadnamn på skilt og kart. Første punktum seier at vedtaksorganet skal fastsetje rekkjefølgja av namn når det blir brukt meir enn eitt namn på skilt, kart o.l. Om ein skal ta regelen på ordet, får han det utslaget at det kan tenkjast at kommunen har fastsett ei viss rekkjefølgje for namn på tettstader, bygder og grender, og at Statens kartverk har fastsett ei anna rekkjefølgje på namn som dei er vedtaksorgan for (t.d. gardsnamn og naturnamn som vatn, fjell osv.). Ei slik ordning synest vanskeleg å administrere, og ifølgje Statens kartverk er dette ein sovande paragraf.

Departementet foreslår i staden å gjere det til hovudregelen at kommunen fastset rekkjefølgja av stadnamn i framlegg til nytt andre ledd første punktum. Departementet foreslår å vidareføre gjeldande andre punktum uendra - regelen om at ein skal ta omsyn

til språkbruken på staden. Dette må tolkast slik at ein kommune kan fastsetje ulike rekkjefølgjer i ulike område av kommunen (bygder eller grender). Det kan t.d. tenkjast at det innanfor ein kommune kan vere naturleg at samisk står først i ei bygd, kvensk i ei anna og norsk i ei tredje.

Kravet i tredje punktum om at samisk skal stå først i forvaltningsområdet for samisk språk, fungerer ikkje nødvendigvis like godt i alle område der samar utgjer ei minoritetsgruppe. I Tromsø kommune var akkurat dette kravet eit forhold som gjorde at kommunen trekte søknaden om innlemming i det samiske forvaltningsområdet. Artikkelen "Språkvalg på skilt forteller"<sup>3</sup> konkluderer med at språklovgivinga ikkje har vorte teken omsyn til i samband med vegskilting i forvaltningsområdet for samisk språk. Det som var meint som eit tiltak for å styrkje samisk stadnamnbruk, kan altså ha fått motsett verknad av det som var formålet med regelen. Det har vore reist spørsmål om ikkje kommunane sjølve bør ha det avgjerande ordet i slike saker.

Departementet meiner det er grunn til å sende to alternativ på høyring. Alternativ 1 er ei vidareføring av dagens tredje ledd tredje punktum, som inneber at skiltrekkjefølgja i forvaltningsområdet for samisk språk skal vere "samisk, norsk, kvensk". Alternativ 2 inneber at hovudregelen om at kommunen vedtek rekkjefølgja, skal gjelde generelt.

Departementet gjer òg framlegg om ei endring i **fjerde ledd**. Formuleringa "lengst tradisjon og er best kjent på staden" i første punktum kan innehalde ei motsetning, fordi det namnet som har lengst tradisjon, ikkje treng å vere det best kjende på staden, og såleis kan formuleringa vanskeleg gi ei løysing på kva for eit namn som bør veljast. Departementet gjer framlegg om at det er det namnet som er best kjent på staden som skal brukast. Dette er valt av omsyn til kommunikasjon. Departementet ser at framlegget kan tenkjast å få som konsekvens at samiske og kvenske namn ikkje blir brukte, sjølv om hovudregelen er at begge eller alle namna skal brukast av det offentlege.<sup>4</sup>

Gjeldande fjerde ledd andre punktum er vidareført som siste punktum i nytt tredje ledd i framlegget.

### **Framlegg til ny § 7:**

#### **Alternativ 1:**

*Dersom eit namneobjekt har namn på fleire språk, skal ein i samanhengande tekst bruke det namnet som samsvarer med språket i teksten.*

På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal *kommunen* fastsetje rekkjefølgja av namna. Når ein fastset rekkjefølgja, skal ein ta omsyn til språkbruken på staden. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkjefølgja vere samisk, norsk, kvensk.

---

<sup>3</sup> Kaisa Rautio Helander og Yngve Johansen i *Samiske tall forteller 6. Kommentert samisk statistikk* (Sámi allaskuvla, 2013)

<sup>4</sup> Jfr. stadnamnlova § 9.

Der det av praktiske årsaker er særskilt vanskeleg å bruke fleire namn, skal det i valet mellom norsk, samisk og kvensk leggjast vekt på kva for eit namn *som er best kjent på staden*. Det norske namnet treng ikkje vere med dersom det er ei fornorska form av det samiske eller kvenske namnet, skil seg lite frå det og ikkje er i vanleg bruk i den norske *forma*.

#### Alternativ 2:

Som alternativ 1, men andre ledd skal lyde slik:

På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal *kommunen* fastsetje rekkjefølgja av namna. Når ein fastset rekkjefølgja, skal ein ta omsyn til språkbruken på staden.

### 3.2.8 Til § 8. Saksbehandling

#### Gjeldande § 8 lyder slik:

Dei som vil ta opp saker om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn, må ta dei opp med det organet som etter stadnamnlova § 5 andre til fjerde ledd skal gjere vedtak om skrivemåten. Organet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Dersom ei sak synest å vere særleg innfløkt, kan det innhentast førebels tilråding frå namnekonsulentane.

Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Det skal setjast av to månader til høyring av dei som etter stadnamnlova § 6 første ledd har rett til å uttale seg, og to månader til saksbehandlinga hos namnekonsulentane.

I område med samiske og/eller kvenske stadnamn må saka også sendast til namnekonsulentane for samisk og/eller kvensk slik at dei kan vurdere om saka gjeld parallellnamn og gi ei førebels tilråding om skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte.

I saker der same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen fastsetjast først. Vedtaksorganet må sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka. Namnekonsulenttenesta samordnar vedtaksprosedyren slik at skrivemåten i primærfunksjonen blir vedteken først.

Statens kartverk kan gjere samlevedtak for skriftformer av namn eller namneledd innanfor same administrative område. Slike vedtak kan gjelde naturnamn og umatrikulerte seternamn. Samlevedtak kan berre brukast der dialektformene i det aktuelle området gjer slike vedtak naturlege.

#### Merknad:

Paragrafen inneheld regler om saksbehandling og ulike ledd i vedtaksprosessen og utfyller stadnamnlova § 6.

Departementet foreslår å gjere mindre justeringar i **første ledd**. Regelen om førebels tilråding frå namnekonsulentane er endra til førebels *vurdering*. Tilvisinga til stadnamnlova § 5 er òg korrigert.

Gjeldande **andre ledd** andre punktum er foreslått vidareført, men det er teke med eit nytt tredje punktum som presiserer at namnekonsulentane skal behandle sakene utan

ugrunna opphald. Departementet ønskjer å understreke at saksbehandlinga hos namnekonsulentane heller ikkje bør ta lengre tid enn nødvendig.

I andre ledd er det teke inn ei setning om at eigaren kan fastsetje skrivemåten utan lokal høyring og tilråding frå namnekonsulentane i saker som gjeld nedervde bruksnamn. Framlegget er ei tilpassing til endringar i stadnamnlova §§ 6 og 8.

I **tredje ledd** er "ei førebels tilråding om skrivemåten" foreslått endra til "ei førebels vurdering av skrivemåten", i tråd med endringa i første ledd.

Det er gjort framlegg om eit nytt **fjerde ledd** som gjeld såkalla daglegnamn. Dersom eigedommen har eit såkalla daglegnamn ved sida av bruksnamnet, kan eigaren velje dette namnet i tillegg til det offisielle bruksnamnet. Med daglegnamn er meint namn som er nytta i samsvar med den lokale tradisjonen, men som ikkje er identiske med dei offisielle bruksnamna som er registrerte i offentlege register. Daglegnamn er òg ein type nedervde stadnamn som har krav på vern.

Eit nyleg døme frå Lurøy kommune i Nordland er at fleire bruk under gnr. 45 var registrerte med *Kongsvik øvre* som bruksnamn i matrikkelen. Kartverket vedtok så *Øverkongsvik* (utan *g*) som gardsnamn og som bruksnamn for eitt bruksnummer, i tråd med nedervd lokal uttale. For eit anna bruk fastsette eigaren skrivemåten *Øverkongsvik* (med *g*). To grunneigarar ønskte ikkje dette namnet på sine bruk, sidan namnet ikkje var i bruk om eigedommane deira. I staden vart daglegnamna *Haugen* og *Vollen* fastsette som bruksnamn på desse bruka (i tillegg til *Kongsvik øvre*).

I adresseringssamanheng har det vore eit ønske blant fleire grunneigarar å bruke daglegnamnet som adressetilleggsnamn,<sup>5</sup> noko som også har vore praktisert dersom kommunen, stadnamntenesta og Kartverket har meint at daglegnamnet kjem inn under definisjonen av "nedervd stadnamn", dvs. at namnet er "munnleg eller skriftleg overlevert frå tidlegare generasjonar". I nokre tilfelle har derfor daglegnamn vorte vedtekne som adressetilleggsnamn og vorte registrerte som bruksnamn og adressetilleggsnamn i Sentralt stadnamnregister og matrikkelen. Tildeling av adressetilleggsnamn er regulert i matrikkelforskrifta § 54, og både daglegnamn og bruksnamn frå matrikkelen kan vere adressetilleggsnamn.

Framlegget inneber at saker som gjeld skrivemåten av daglegnamn, skal behandlast på same måte som dei offisielle bruksnamna. Det må med andre ord leggjast fram relevant dokumentasjon på namnebruken, til dømes gjennom opplysningar i bygdebøker, lokale namnesamlingar eller andre lokalhistoriske kjelder, eller ved at fleire informantar opplyser om munnleg bruk gjennom fleire generasjonar. Dersom eigaren ønskjer ein bestemt skrivemåte av daglegnamnet, gjeld det same kravet til dokumentasjon som for dei offisielle bruksnamna. Etter at skrivemåten er fastsett, skal daglegnamna

---

<sup>5</sup> Ordet er definert i matrikkelforskrifta § 2 bokstav h: "*adressetilleggsnavn*, nedarvet bruksnavn, navn på en institusjon eller bygning, grendenavn eller annet stedsnavn, brukt som del av den offisielle adressen" Eit adressetilleggsnamn kjem i tillegg til den tildelte vegadressa med vegnamn og nummer.



registrerast i Sentralt stadnamnregister og i matrikkelen. Dei kan deretter brukast på kart og i adressering.

Gjeldande fjerde ledd andre punktum er omformulert i framlegget til **nytt femte ledd** andre punktum. Framlegget er meint å tydeleggjere at det etter endring av stadnamnlova § 6 er to val i namnesaker, 1) anten få avgjort bruksnamn uavhengig av gardsnamn eller 2) å reise ei sak med gardsnamnet først og så ta stilling til bruksnamnet.

Ordet "primærfunksjon" er foreslått teke ut og bytte ut med "det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om", sidan dette ordet vart teke ut av lova i samband med lovendringa i 2015.

Gjeldande femte ledd er foreslått stroke, sidan dette er ei oppattaking av § 5 tredje ledd i lova. Det er dessutan ikkje berre Statens kartverk som kan gjere samlevedtak. Andre vedtaksorgan kan i prinsippet også gjere samlevedtak.

### **Framlegg til ny § 8**

#### § 8 Saksbehandling

Dei som vil ta opp saker om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn, må ta dei opp med det organet som etter stadnamnlova § 5 andre og tredje ledd skal gjere vedtak om skrivemåten. Vedtaksorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Dersom ei sak synest å vere særleg innfløkt, kan det innhentast førebels  *vurdering*  frå namnekonsulentane.

Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Det skal setjast av to månader til høyring av dei som etter stadnamnlova § 6 første ledd har rett til å uttale  *seg. Namnekonsulentane skal behandle saka utan ugrunna opphald. I saker som gjeld nedervde bruksnamn, kan eigaren fastsetje skrivemåten utan lokal høyring og tilråding frå namnekonsulentane.*

I område med samiske og/eller kvenske stadnamn må saka også sendast til namnekonsulentane for samisk og/eller kvensk slik at dei kan vurdere om saka gjeld parallellnamn og gi ei førebels  *vurdering*  av skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte.

*Saker om skrivemåten av daglegnamn skal behandlast på same måten som dei offisielle bruksnamna. Med daglegnamn er meint namn som er nytta i samsvar med den lokale tradisjonen, men som ikkje er identiske med dei offisielle bruksnamna som er registrerte i offentlege register.*

I saker der same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten  *for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om,*  fastsetjast først.  *Er dette eit nedervd bruksnamn der eigaren ønskjer å fastsetje skrivemåten etter stadnamnlova § 6 andre ledd, treng ein ikkje reise namnesak for det tilsvarande gardsnamnet samtidig, med mindre eigaren ber om det.*

### **3.2.9 Til § 9 Vedtak**

Gjeldande § 9 lyder slik:

Vedtak skal vere skriftlege. Fagleg grunngiving for avgjerda skal givast samtidig med vedtaket for bruksnamn og gardsnamn. Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, kan krevje å få

grunngivinga etterpå for andre enkeltnamn. Grunngivinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og om nødvendig sitere denne. Dei faglege føresetnadene og den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket, skal også takast med.

Melding eller kunngjering om vedtak skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist, framgangsmåte ved klage, vidare om rett til å sjå saksdokumenta og om høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga avgjord.

Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket er kommen fram. Dersom meldinga skjer ved offentleg kunngjering, tek klagefristen til den dagen vedtaket blei kunngjort første gongen.

Det organet som gjer vedtak, skal sende melding til partane i saka, til vedkommande kommune/fylkeskommune (jf. stadnamnlova § 6 første ledd) dersom kommunen/fylket ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til namnekonsulenttenesta og til Sentralt stadnamnregister (sjå § 15).

Vedkommande kommune skal syte for å gjere vedtaket kjent for dei i kommunen som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd men som ikkje er part i saka.

#### Merknad:

Reglane i paragrafen her utfyller stadnamnlova § 5 *Nærmare om saksbehandlinga*.

Departementet foreslår å ta inn ei språkleg presisering i **første ledd** første punktum for å gjere teksten meir forståeleg. I andre punktum foreslår departementet å ta inn eit unntak for eigarfastsette skrivemåtar av bruksnamn. Dette unntaket følgjer direkte av lovendinga i 2015.

Andre ledd og tredje ledd er foreslått vidareførte uendra.

Etter **fjerde ledd** er det vedtaksorganet som skal sende melding om vedtak til partane i saka. Ein grunneigar kan vere part i saka fordi eit vedtak om skrivemåten av eit gardsnamn får verknad for bruksnamnet hans etter lova § 8 andre ledd. Det er i praksis kommunen, og ikkje vedtaksorganet (Statens kartverk), som har oversikt over kva for grunneigarar dette gjeld. Kommunen har også ansvaret for å skrive til grunneigarane i høyringsrunden og har dermed allereie skaffa seg denne oversikta. Departementet meiner derfor det er formålstenleg at kommunen får ansvaret for å sende melding om vedtak til grunneigarar. Departementet gjer derfor framlegg om ei formulering som gjeld dette.

I fjerde ledd gjer departementet òg framlegg om nokre språklege presiseringar. Skråstrekar er bytte ut med ordet "eller", og ordet "fylket" er foreslått bytt ut med "fylkeskommunen" ein stad. Parentesen med tilvising til § 15 i forskrifta er òg foreslått fjerna.

Femte ledd er foreslått vidareført uendra.

#### Framlegg til ny § 9

§ 9 Vedtak

Vedtak etter stadnamnlova skal vere skriftlege. Fagleg grunngeving for vedtaket skal givast samtidig med vedtaket for bruksnamn og gardsnamn, med unntak for eigarfastsette skrivemåtar av bruksnamn. Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, kan krevje å få grunngevinga etterpå for andre enkeltnamn. Grunngevinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og om nødvendig sitere denne. Dei faglege føresetnadene og den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket, skal også takast med.

Melding eller kunngjering om vedtak skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist, framgangsmåte ved klage, vidare om rett til å sjå saksdokumenta og om høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga avgjort.

Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket er kommen fram. Dersom meldinga skjer ved offentlig kunngjering, tek klagefristen til den dagen vedtaket blei kunngjort første gongen.

Det organet som gjer vedtak, skal sende melding til partane i saka, til vedkommande *kommune eller fylkeskommune* (jf. stadnamnlova § 6 første ledd) dersom *kommunen eller fylkeskommunen* ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til namnekonsulenttenesta og til *Sentralt stadnamnregister*. For vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal likevel *kommunen* sende melding til eigarane av bruk som vedtaket får verknad for.

Vedkommande kommune skal syte for å gjere vedtaket kjent for dei i kommunen som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, men som ikkje er part i saka.

### 3.2.10 Til § 10 Klage

#### Gjeldande § 10 lyder slik:

Klage skal grunngivast, og grunngevinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Klage skal sendast til det organet som har fastset skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune der kommunen ikkje er vedtaksorgan. Med dei unntaka som går fram av § 6 og § 10 i stadnamnlova, gjeld kapittel VI i forvaltningslova.

#### Merknad:

Det følgjer av stadnamnlova § 10 jf. § 5 at dei som kan klage etter stadnamnlova er eigar eller festar i saker som gjeld eige bruk eller eigen eigedom, ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn, stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område, offentlege organ m.m.

Klagerett etter stadnamnlova § 10 gjeld også på eigarfastsette skrivemåtar av bruksnamn. Men det reelle innhaldet i denne klageretten må i praksis vere avgrensa. Eigaren skal i slike tilfelle berre dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentlig bruk som bruksnamn, jf. stadnamnlova § 6 andre ledd. Klagen må derfor i slike tilfelle gjelde vurdering av den framlagde dokumentasjonen. Departementet foreslår eit nytt **tredje ledd** i forskrifta som avgrensar klageretten på eigarfastsette skrivemåtar av bruksnamn.

Departementet foreslår eit nytt **fjerde ledd** om utsett iverksetjing av vedtak, som er ei vidareføring av innhaldet i gjeldande § 12. Innhaldet i gjeldande § 12 er foreslått flytta

opp uendra fordi omsynet til enkel forskriftsstruktur taler for å samle reglane om klage i same paragraf.

### **Framlegg til ny § 10**

§ 10 Klage

Klage skal grunngivast, og grunngevinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Klage skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune der kommunen ikkje er vedtaksorgan. Med dei unntaka som går fram av § 6 og § 10 i stadnamnlova, gjeld kapittel VI i forvaltningslova.

*Klage på eigarfastsett skrivemåte av bruksnamn kan berre gjelde dokumentasjonen som eigaren har lagt fram for Statens kartverk, eller feil ved saksbehandlinga.*

*Underinstansen, klageinstansen eller eit anna overordna organ kan fastsetje at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avslag på søknad om utsetjing skal vere grunnmitt.*

### **3.2.11 Til § 11 Klagenemnda**

#### **Gjeldande § 11 lyder slik.**

Klagenemnda skal oppnemnst av departementet. Medlemmene blir oppnemnde for fire år om gongen.

Nemnda skal ha ein fast leiar som er jurist og to andre faste medlemmer oppnemnd på fritt grunnlag etter forslag frå KS (kommunenes arbeidsgiver-, interesse- og medlemsorganisasjon). I tillegg skal det oppnemnst ein språkkunnig representant for kvar av dei to offisielle målformene, ein kunnig i samiske språk og ein som er kunnig i kvensk. Medlemmene skal ha personlege varamedlemmer. Nestleiar er vara for leiar.

Klagenemnda vil etter dette ha fem medlemmer ved behandling av norske stadnamn, elles minst fire medlemmer. Dersom stemmetala står likt, avgjer leiaren saka.

Når det gjeld norske stadnamn, er klagenemnda vedtaksfør når minst fire medlemmer er til stades, av desse leiar eller nestleiar. I saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, må nemnda vere fulltalig, det vil seie leiar eller nestleiar, to medlemmer oppnemnd på fritt grunnlag og den sakkunnige i samisk eller kvensk.

**Merknad:** Departementet foreslår å vidareføre innhaldet i paragrafen uendra, men gjer framlegg om somme språklege presiseringar og endringar.

Departementet foreslår for det første å endre tittelen til "Klagenemnda for stadnamnsaker", som er den fulle tittelen på nemnda.

I ***andre ledd*** foreslår departementet å ta ut nemninga "nestleiar" for leiarens personlege varamedlem. Nestleiareren i klagenemnda har til vanleg ikkje delteke i arbeidet i nemnda. Departementet foreslår ei formulering som eksplisitt seier at kvar medlem i nemnda skal ha ein personleg varamedlem. Den som før har hatt tittelen nestleiar, er etter framlegget personleg varamedlem for nemndsleiaren.

Varamedlemmene må då følgjeleg vere valde etter dei same kriteria som dei faste medlemmene.

Gjeldande **trede ledd** inneheld ei formulering som seier at nemnda har "elles minst fire medlemmer", dvs. når ho behandlar saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn. Departementet foreslår å presisere at nemnda har fire medlemmer i saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn. Det inneber at dei to språkkunnige representantane for bokmål og nynorsk ikkje deltek i behandlinga av saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn.

I **fjerde ledd** er ordet "nestleiar" bytt ut med "leiars personlege varamedlem" i første punktum. Departementet foreslår vidare å endre fjerde ledd andre punktum slik at det berre krevst at tre medlemmer skal vere til stades ved behandling av samiske og kvenske stadnamn, av dei leiar eller leiars personlege vara og den språkkunnige i samisk eller kvensk. Den foreslåtte regelen inneber i praksis at nemnda likevel vil vere vedtaksfør dersom ein av dei fritt oppnemnde medlemmene må melde forfall til eit møte utan at den personlege varamedlemmen kan møte. Departementet foreslår òg å byte ut ordet "sakkunnig" med "språkkunnig" i siste punktum, i tråd med ordbruken i andre ledd.

### **Framlegg til ny § 11**

#### § 11 Klagenemnda for stadnamnsaker

Klagenemnda skal oppnemnast av departementet. Medlemmene blir oppnemnde for fire år om gongen.

Nemnda skal ha ein fast leiar som er jurist, og to andre faste medlemmer *oppnemnde* på fritt grunnlag etter forslag frå KS. I tillegg skal det oppnemnast ein språkkunnig representant for *bokmål og ein for nynorsk*, ein kunnig i samiske språk og ein som er kunnig i kvensk. *Kvar medlem skal ha ein personleg varamedlem.*

Klagenemnda vil etter dette ha fem medlemmer ved behandling av norske stadnamn og fire medlemmer *ved behandling av samiske og kvenske stadnamn*. Dersom stemmetala står likt, avgjer leiaren saka.

Når det gjeld norske stadnamn, er klagenemnda vedtaksfør når minst fire medlemmer er til stades, av desse leiar eller *leiars personlege varamedlem*. I saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, *er nemnda vedtaksfør når minst tre medlemmer er til stades, av desse leiar eller leiars personlege varamedlem og den språkkunnige i samisk eller kvensk.*

### **3.2.12 Til § 12 Verknad av klage**

#### **Gjeldande § 12 lyder slik:**

Underinstansen, klageinstansen eller eit anna overordna organ kan fastsetje at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avslag på søknad om utsetjing skal vere grunnmitt.

Merknad: Reglane i forvaltningslova (§ 42) om utsett iverksetjing av vedtak etter klage gjeld for saker etter stadnamnlova. Departementet foreslår likevel å vidareføre denne føreseigna her av oversiktsomsyn. Innhaldet er foreslått flytta uendra til § 10 nytt fjerde ledd.

### 3.2.13 Til § 13 Gjenopptaking

#### Gjeldande § 13 lyder slik:

Vedtaksorganet avgjer om ei sak skal takast opp att. Det gjeld òg saker som har vore behandla i klagenemnda. Avslag på gjenopptaking kan påklagast til klagenemnda. Vedtaksorganet avgjer om saka skal ut på høyring.

Merknad: Departementet gjer framlegg om at ordet "gjenopptaking" blir endra til "gjenopning", og at "skal takast opp att" blir endra til "skal gjenopnast", alt i samsvar med lova § 7, som vart endra i 2015. Dette er reint språklege endringar. Elles er det ikkje foreslått endringar.

#### Framlegg til ny § 12 (tidlegare § 13)

##### § 12 Gjenopning:

Vedtaksorganet avgjer om ei sak skal *gjenopnast*. Det gjeld òg saker som har vore behandla i klagenemnda. Avslag på *gjenopning* kan påklagast til klagenemnda. Vedtaksorganet avgjer om saka skal ut på høyring.

### 3.2.14 Til § 14. Stadnamnkonsulenttenesta

#### Gjeldande § 14 lyder slik:

Det skal oppnemnast to namnekonsulentar for norskspråklege stadnamn for kvart av dei geografiske områda Austlandet med Agderfylka, Vestlandet, Midt-Noreg og Nord-Noreg. Det skal også oppnemnast namnekonsulentar for nord-, sør- og lulesamisk og for kvensk. Konsulentane blir oppnemnde på åremål for seks år om gongen.

Konsulentane skal gi råd og rettleiing til offentlege organ og andre som skal fastsetje skrivemåtar. Dei kan også gi råd i spørsmål om namnsetjing og elles svare på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.

#### Merknad:

Stadnamnlova § 11 inneheld ein generell regel om at det skal oppnemnast namnekonsulentar for norske, kvenske og samiske stadnamn. Det er gitt utfyllande reglar i gjeldande § 14 i forskrifta.

Den norskspråklege stadnamntenesta er delt i fire regionar med til saman åtte konsulentar og fire sekretærar. Ordninga er administrativt og økonomisk ressurskrevjande, både på grunn av talet på konsulentar og fordi tenesta er regionalisert, noko som fører til ekstra utgifter til kontorleige, IT-tenester, reisekostnader, opplæring osv. Den namnefaglege kompetansen har i tillegg vorte ei utfordring ved nyoppnemningar og nyttilsetjingar, fordi namnefaget er kraftig nedbygd

ved universiteta og høgskolane. Ordninga med desentraliserte namnekonsulentar og konsulentsekretærar har vore uendra sidan 1991, og føreset at det finst namnefaglege miljø ved universiteta i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo. Når desse miljøa allereie er eller er i ferd med å bli avvikla, er dette eit problem for forvaltninga av stadnamnlova.

Departementet foreslår å stryke gjeldande § 14 i forskrifta. Ordninga er allereie regulert i stadnamnlova. Framtidig organisering av stadnamnkonsulenttenesta kan gjerast innanfor dei rammene stadnamnlova § 11 gir.

### 3.2.15 Til § 15 Sentralt stadnamnregister

#### Gjeldande § 15 lyder slik:

Registeret skal innehalde opplysningar om alle stadnamn som har fått skrivemåten vedteken etter lova. I tillegg skal registeret innehalde flest mogleg av andre stadnamn som er godkjende og brukte i offentleg samanheng etter gammalt regelverk.

For alle namna skal registeret ha opplysningar om:

- a) skrivemåte av namnet
- b) status for skrivemåten (vedteken, godkjend, avslått m.m.)
- c) språk eller språkform (norsk, kvensk, nord-, lule- eller sørsamisk)
- d) objekttype (grend, gard, bruk, veg, vatn, elv, nes osv.)
- e) om det finst fleire namn i same språkform for same namneobjekt, kva for namn som er mest vanleg brukt der ein har kunnskap om det
- f) koordinat med referanse til eit nasjonalt brukt koordinatsystem
- g) administrativ tilhøyrse (kommunenummer).

For vedtekne namn skal registeret i tillegg ha følgjande opplysningar:

- h) kven som har gjort vedtaket, og vedtaksdato
- i) identitetsnummer i det sentrale eigeomsregisteret (tidligere GAB (grunneigeoms-, adresse- og bygningsregisteret)/matrikkelen) for namn som også skal brukast i dette registeret.

For namn med status godkjend skal i tillegg registrerast:

- j) kva for offentleg bruk (t.d. kart, skilt) namnet er henta frå og publiseringsår eller tilsvarande.

Statens kartverk er registerstyresmakt og skal syte for at opplysningane er allment tilgjengelege.

Statens kartverk er ansvarleg for å utarbeide dei standardane og rutineane som skal nyttast ved rapportering til registeret. For vedtak som også skal brukast i GAB/matrikkelen, skal Statens kartverk syte for oppdatering mellom dei to registera.

Når eit namn ikkje er behandla etter reglane i lov om stadnamn, og to eller fleire skrivemåtar av namnet på same språk er i offentleg bruk og er registrerte i Sentralt stadnamnregister (SSR) som godkjende skrivemåtar, bør ein i offentleg bruk velje den skrivemåten som er brukt på namneingsplassen i SSR.

**Merknad:**

I første ledd foreslår departementet nokre språklege endringar og presiseringar.

I **andre ledd** bokstav b er skrivemåtestatusen "foreslått" teken inn for å vise at registeret også inneheld namn som ikkje er i offentleg bruk og/eller er behandla etter stadnamnlova.

I andre ledd bokstav c er "eller språkform" foreslått fjerna fordi dette handlar om ulike språk (norsk, nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk, skoltesamisk, kvensk), ikkje språkformer. Også oppramsinga av språk er foreslått fjerna for å unngå at det skal vere nødvendig med forskriftsendring dersom det er aktuelt å leggje inn namn frå fleire språk i registeret.

I andre ledd bokstav e er "i same språkform" endra til "på same språk" av same grunn som nemnd ovanfor.

I den nye versjonen av Sentralt stadnamnregister, som blir lansert 15. mai 2016, blir det mogleg å leggje inn geometri for eit geografisk objekt. Dermed kan ein leggje inn ei flate eller line, ikkje berre punkt som tidlegare. Andre ledd bokstav f er foreslått endra i samsvar med dette.

I **tredje ledd** bokstav i er "tidlegare GAB (grunneigedoms- adresse- og bygningsregisteret)" foreslått fjerna. Det er ikkje lenger nødvendig å nemne dette registeret, som i perioden 2007 til 2009 gradvis blei erstatta av det noverande matrikkelen. *Matrikkelen* er no ein innarbeidd term. "GAB" er òg stroke i femte ledd.

I **fjerde ledd** bokstav j er det gjort ei språkleg presisering.

I **sjette ledd** er det foreslått nokre reint språklege endringar. Det er òg foreslått at ein i offentleg bruk skal velje den skrivemåten av eit namn som er prioritert i Sentralt stadnamnregister. Departementet foreslår å ta inn eit nytt siste punktum som presiserer at dette leddet berre gjeld stadnamn som ikkje er behandla etter reglane i stadnamnlova.-

### **Framlegg til ny § 13 (tidlegare § 15)**

§ 13 Sentralt stadnamnregister

*Sentralt stadnamnregister* skal innehalde opplysningar om alle stadnamn som har fått skrivemåten vedteken etter *stadnamnlova*. I tillegg skal registeret innehalde flest mogleg andre stadnamn som er godkjende og brukte i offentleg samanheng etter gammalt regelverk, og *tilhøyrande opplysningar om desse namna*.

For alle namna skal registeret ha opplysningar om:

- a) skrivemåte av namnet
- b) status for skrivemåten (*foreslått*, vedteken, godkjend, avslått m.m.)
- c) *språk*
- d) objekttype (grend, gard, bruk, veg, vatn, elv, nes osv.)
- e) om det finst fleire namn *på same språk* for same namneobjekt, kva for namn som er mest vanleg brukt der ein har kunnskap om det
- f) *flate, line eller punkt med koordinat referert i eit nasjonalt brukt koordinatsystem*
- g) administrativ tilhøyrse (kommunennummer)



For vedtekne namn skal registeret i tillegg ha følgjande opplysningar:

- h) kven som har gjort vedtaket, og vedtaksdato
- i) identitetsnummer i det sentrale eigedomsregisteret (*matrikkelen*) for namn som også skal brukast i dette registeret

For namn med status *som godkjende* skal i tillegg registrerast:

- j) kva for offentleg bruk (t.d. kart, skilt) namnet er henta frå, og *om mogleg dato for denne dokumentasjonen*

Statens kartverk er registerstyresmakt og skal syte for at opplysningane er allment tilgjengelege.

Statens kartverk er ansvarleg for å utarbeide dei standardane og rutinane som skal nyttast ved rapportering til registeret. For vedtak som også skal brukast i *matrikkelen*, skal Statens kartverk syte for oppdatering mellom dei to registera.

Når eit namn ikkje er behandla etter reglane i *stadnamnlova* og to eller fleire skrivemåtar av namnet på same språk er i offentleg bruk og er registrerte i Sentralt *stadnamnregister* som godkjende skrivemåtar, skal ein i offentleg bruk velje den skrivemåten som *er prioritert* i *Sentralt stadnamnregister*.

*Dette leddet gjeld stadnamn som ikkje er behandla etter reglane i stadnamnlova.*

<b>4. GJELDANDE FORSKRIFT OG NYTT UTKAST – SPEGEL</b>	
<b>Gjeldande forskrift</b>	<b>Nytt framlegg</b>
<b>Forskrift om skrivemåten av stadnamn</b>	<b>Forskrift om stadnamn (stadnamnforskrifta)</b>
<p><b>§ 1 Generelle reglar om skrivemåten av stadnamn</b></p> <p>Det skal takast omsyn til tidlegare normeringspraksis så langt ein kan gjere det utan å komme i strid med lova. Når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør namneskikken på staden følgjast.</p> <p>Ved namn på større og/eller særleg kjende lokalitetar kan det takast omsyn til innarbeidd skriftradisjon. For samiske eller kvenske namn skal det særleg takast omsyn til munnleg tradisjon.</p> <p>Skrivemåten i primærfunksjonen skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane</p>	<p><b>§ 1 Generelle reglar om namnsetjing og fastsetjing av skrivemåten av stadnamn</b></p> <p><i>Når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør ein byggje på lokale nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden.</i></p> <p><i>Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving. Namn som inneheld utdøydde eller uklare språkelement, skal som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Skrivemåten av stadnamn kan fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd.</i></p> <p><i>Reglane i denne paragrafen gjeld for norske, samiske og kvenske stadnamn. For samiske og kvenske stadnamn skal det takast særleg omsyn til munnleg tradisjon.</i></p>
<p><b>§ 2 Normering av lydleg lånte stadnamn i fleirspråklege område</b></p> <p>Lydleg lånte stadnamn som har fått ein innarbeidd uttale, skriv ein etter rettskrivingsreglane i låntakarspråket. (Døme 1: norsk Badden, kvensk Paattari av samisk Báttar. Døme 2: kvensk Kiiperi av norsk Kiberg.)</p> <p>Ikkje-innarbeidde namneformer skal skrivast i samsvar med reglane i opphavsspråket. (Døme: Šihčajávri. Namnet skrivast etter reglane i nordsamisk fordi lokaliteten har ikkje-innarbeidde namn på andre språk.)</p> <p>Om eit lånt stadnamn inneheld eit ledd, oftast forledd, som er brukt i eit stadnamn i eit anna</p>	<p><b>§ 2 Normering av lydleg overførte stadnamn i fleirspråklege område</b></p> <p>Lydleg lånte stadnamn som har fått ein innarbeidd uttale, skriv ein etter rettskrivingsreglane i låntakarspråket.</p> <p><i>Ikkje-innarbeidde namneformer skal skrivast i samsvar med reglane i opphavsspråket.</i></p> <p><i>Om eit lånt stadnamn inneheld eit ledd, oftast forledd, som er brukt i eit stadnamn i eit anna språk, kan namneleddet skrivast i samsvar med rettskrivingsreglane i dette språket. Den andre delen av stadnamnet, oftast etterleddet, skriv ein i samsvar med rettskrivingsreglane i låntakarspråket. I andre tilfelle skriv ein namneleddet i samsvar med reglane i låntakarspråket.</i></p>

<p>språk, kan namneleddet skrivast i samsvar med rettskrivingsreglane i dette språket. Den andre delen av stadnamnet, oftast etterleddet, skriv ein i samsvar med rettskrivingsreglane i låntakarspråket. (Døme: Kaiskikotavatnet, Lallakuruvegen.) I andre tilfelle skriv ein namneleddet i samsvar med reglane i låntakarspråket. (Døme: Tjorteberget, Gottivollen, Kontefjellet.)</p>	
<p><b>§3 Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn</b></p> <p>Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei tillaten form i den målforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.</p> <p>Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving.</p> <p>Ved fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn skal det leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har når det gjeld skrivemåte.</p>	<p><b>§ 3. Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn</b></p> <p>Ved fastsetjing av skrivemåten skal <i>ein som hovudregel velje den rettskrivingsforma</i> som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.</p> <p><b>Gjeldande andre ledd er flytta opp under § 1 andre ledd.</b></p>
<p><b>§ 4 Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn</b></p> <p>Ved fastsetjing av skrivemåten av samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i nordsamisk, lulesamisk eller sørsamisk. Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland sør til Tysfjord kommune. Lulesamisk rettskriving skal brukast herifrå og sørover til Meløy kommune. Frå Rana kommune skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei enkelte språkområda skal ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. Dersom det er brukt fleire samiske namn på same namneobjektet, skal det eldste namnet som hovudregel brukast av det offentlege.</p>	<p><b>§ 4 Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn</b></p> <p>Ved fastsetjing av skrivemåten av samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. <i>Skrivemåten</i> skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i nordsamisk, lulesamisk, <i>skoltesamisk</i> eller sørsamisk. <i>Skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kan normerast etter skoltesamiske rettskrivingsprinsipp.</i> Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland sør til Tysfjord kommune. Lulesamisk rettskriving skal brukast herifrå og sørover til Meløy kommune. Frå Rana kommune og sørover skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei enkelte språkområda skal ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. <i>Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.</i></p>

<p>I avveginga av dei ulike omsyna skal ein leggje særleg vekt på at stadnamna får ein mest mogleg einskapleg skrivemåte innanfor det samiske språkområdet.</p> <p>Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving.</p> <p>Dialektformer av namn og namneledd som ikkje finst andre stader, kan ein skrive i samsvar med den lokale uttalen.</p>	<p>Dersom det er brukt fleire samiske namn om det same namneobjektet, skal som hovudregel det eldste namnet brukast av det offentlege.</p> <p>I avveginga av ulike omsyn skal ein leggje vekt på at stadnamna får ein einskapleg skrivemåte innanfor <i>dei ulike samiske språkområda</i>.</p> <p><b>Innhaldet i gjeldande § 4 tredje ledd første punktum er flytta opp til nytt andre ledd i § 1.</b></p> <p><b>(Dei geografiske avgrensingane for samiske språk i første ledd bør vurderast av relevante høyringsinstansar).</b></p>
<p><b>§ 5 Særlege reglar om skrivemåten av kvenske stadnamn</b></p> <p>Ved fastsetjing av skrivemåten av kvenske stadnamn skal ein ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen.</p>	<p><b>§ 5 Særlege reglar om skrivemåten av kvenske stadnamn</b></p> <p>Ved fastsetjing av skrivemåten av kvenske stadnamn skal ein ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen.</p> <p><b>Departementet ber relevante høyringsinstansar vurdere om det skal takast inn eit nytt andre ledd:</b></p> <p><i>Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.</i></p>
<p><b>§ 6 Bruk av eittspråklege namn</b></p> <p>Når eit namneobjekt har berre eit samisk namn, eit kvensk namn eller eit norsk namn, skal dette namnet brukast utan omsetjing eller tilpassingar.</p>	<p><b>§ 6 Bruk av eittspråklege namn</b></p> <p>Når eit namneobjekt har berre eit samisk namn, eit kvensk namn eller eit norsk namn, skal dette namnet brukast utan omsetjing eller tilpassingar.</p>
<p><b>§ 7 Bruk av fleispråklege namn</b></p> <p>Dersom eit namneobjekt har samisk og/eller kvensk namn i tillegg til eit norskspråkleg namn, og namneformene er i bruk blant folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknytning til staden, skal begge eller alle namna brukast.</p> <p>I samanhengande tekst bruker ein det namnet som samsvarer med språket i teksten.</p> <p>På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal vedtaksorganet fastsetje rekkjefølgja av namna. Ved fastsetjing av rekkjefølgja skal ein ta omsyn til språkbruken på</p>	<p><b>7 Bruk av fleispråklege namn</b></p> <p><u>Alternativ 1:</u></p> <p><i>Dersom eit namneobjekt har namn på fleire språk, skal ein i samanhengande tekst bruke det namnet som samsvarer med språket i teksten.</i></p> <p>På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal <i>kommunen</i> fastsetje rekkjefølgja av namna. Når ein fastset rekkjefølgja, skal ein ta omsyn til språkbruken på staden. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkjefølgja vere samisk, norsk, kvensk.</p>

<p>staden. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkjefølgja vere samisk, norsk, kvensk.</p> <p>Der det av praktiske årsaker er særskilt vanskeleg å bruke fleire namn, skal det ved valet mellom norsk, samisk og kvensk leggjast vekt på kva for eit namn som har lengst tradisjon og er best kjent på staden. Det norske namnet treng ikkje vere med dersom det er ei fornorska form av det samiske eller kvenske namnet, skil seg lite frå det og ikkje er i vanleg bruk i den norske forma. (Døme: norsk Skaidi av samisk Skáidi.)</p>	<p>Der det av praktiske årsaker er særskilt vanskeleg å bruke fleire namn, skal det i valet mellom norsk, samisk og kvensk leggjast vekt på kva for eit namn <i>som er best kjent på staden</i>. Det norske namnet treng ikkje vere med dersom det er ei fornorska form av det samiske eller kvenske namnet, skil seg lite frå det og ikkje er i vanleg bruk i den norske <i>forma</i>.</p> <p><u>Alternativ 2:</u> Som alternativ 1 men andre ledd skal lyde slik:</p> <p>På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal <i>kommunen</i> fastsetje rekkjefølgja av namna. Når ein fastset rekkjefølgja, skal ein ta omsyn til språkbruken på staden.</p>
<p><b>§ 8 Saksbehandling</b></p> <p>Dei som vil ta opp saker om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn, må ta dei opp med det organet som etter stadnamnlova § 5 andre til fjerde ledd skal gjere vedtak om skrivemåten. Organet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Dersom ei sak synest å vere særleg innfløkt, kan det innhentast førebels tilråding frå namnekonsulentane.</p> <p>Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Det skal setjast av to månader til høyring av dei som etter stadnamnlova § 6 første ledd har rett til å uttale seg, og to månader til saksbehandlinga hos namnekonsulentane.</p> <p>I område med samiske og/eller kvenske stadnamn må saka også sendast til namnekonsulentane for samisk og/eller kvensk slik at dei kan vurdere om saka gjeld parallellnamn og gi ei førebels tilråding om skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte.</p> <p>I saker der same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i</p>	<p><b>§ 8 Saksbehandling</b></p> <p>Dei som vil ta opp saker om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn, må ta dei opp med det organet som etter stadnamnlova § 5 andre og tredje ledd skal gjere vedtak om skrivemåten. Vedtaksorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Dersom ei sak synest å vere særleg innfløkt, kan det innhentast førebels <i>vurdering</i> frå namnekonsulentane.</p> <p>Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Det skal setjast av to månader til høyring av dei som etter stadnamnlova § 6 første ledd har rett til å uttale seg. <i>Namnekonsulentane skal behandle saka utan ugrunna opphald. I saker som gjeld nedervde bruksnamn, kan eigaren fastsetje skrivemåten utan lokal høyring og tilråding frå namnekonsulentane.</i></p> <p>I område med samiske og/eller kvenske stadnamn må saka også sendast til namnekonsulentane for samisk og/eller kvensk slik at dei kan vurdere om saka gjeld parallellnamn og gi ei førebels <i>vurdering av</i> skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte.</p>

<p>primærfunksjonen fastsetjast først.</p> <p>Vedtaksorganet må sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka.</p> <p>Namnekonsulenttenesta samordnar vedtaksprosedyren slik at skrivemåten i primærfunksjonen blir vedteken først.</p> <p>Statens kartverk kan gjere samlevedtak for skriftformer av namn eller namneledd innanfor same administrative område. Slike vedtak kan gjelde naturnamn og umatrikulerte seternamn. Samlevedtak kan berre brukast der dialektformene i det aktuelle området gjer slike vedtak naturlege.</p>	<p><i>Saker om skrivemåten av daglegnamn skal behandlast på same måten som dei offisielle bruksnamna. Med daglegnamn er meint namn som er nytta i samsvar med den lokale tradisjonen, men som ikkje er identiske med dei offisielle bruksnamna som er registrerte i offentlege register.</i></p> <p><i>I saker der same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, fastsetjast først. Er dette eit nedervd bruksnamn der eigaren ønskjer å fastsetje skrivemåten etter stadnamnlova § 6 andre ledd, treng ein ikkje reise namnesak for det tilsvarande gardsnamnet samtidig, med mindre eigaren ber om det.</i></p>
<p><b>§ 9 Vedtak</b></p> <p>Vedtak skal vere skriftlege. Fagleg grunngeving for avgjerda skal givast samtidig med vedtaket for bruksnamn og gardsnamn. Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, kan krevje å få grunngevinga etterpå for andre enkeltnamn. Grunngevinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og om nødvendig sitere denne. Dei faglege føresetnadene og den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket, skal også takast med.</p> <p>Melding eller kunngjering om vedtak skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist, framgangsmåte ved klage, vidare om rett til å sjå saksdokumenta og om høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klagja avgjort.</p> <p>Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket er kommen fram. Dersom meldinga skjer ved offentleg kunngjering, tek klagefristen til den dagen vedtaket blei kunngjort første gongen.</p> <p>Det organet som gjer vedtak, skal sende melding til partane i saka, til vedkommande</p>	<p><b>9 Vedtak</b></p> <p>Vedtak etter stadnamnlova skal vere skriftlege. Fagleg grunngeving for vedtaket skal givast samtidig med vedtaket for bruksnamn og gardsnamn, <i>med unntak for eigarfastsette skrivemåtar av bruksnamn.</i> Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, kan krevje å få grunngevinga etterpå for andre enkeltnamn. Grunngevinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og om nødvendig sitere denne. Dei faglege føresetnadene og den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket, skal også takast med.</p> <p>Melding eller kunngjering om vedtak skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist, framgangsmåte ved klage, vidare om rett til å sjå saksdokumenta og om høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klagja avgjort.</p> <p>Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket er kommen fram. Dersom meldinga skjer ved offentleg kunngjering, tek klagefristen til den dagen vedtaket blei kunngjort første gongen.</p>

<p>kommune/fylkeskommune (jf. stadnamnlova § 6 første ledd) dersom kommunen/fylket ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til namnekonsulenttenesta og til Sentralt stadnamnregister (sjå § 15).</p> <p>Vedkommande kommune skal syte for å gjere vedtaket kjent for dei i kommunen som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd men som ikkje er part i saka.</p>	<p>Det organet som gjer vedtak, skal sende melding til partane i saka, til vedkommande <i>kommune eller fylkeskommune</i> (jf. stadnamnlova § 6 første ledd) dersom <i>kommunen eller fylkeskommunen</i> ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til namnekonsulenttenesta og til <i>Sentralt stadnamnregister</i>. <i>For vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal kommunen sende melding til eigarane av bruk som vedtaket får verknad for.</i></p> <p>Vedkommande kommune skal syte for å gjere vedtaket kjent for dei i kommunen som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, men som ikkje er part i saka.</p>
<p><b>§ 10 Klage</b></p> <p>Klage skal grunngivast, og grunngivinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.</p> <p>Klage skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune der kommunen ikkje er vedtaksorgan. Med dei unntaka som går fram av § 6 og § 10 i stadnamnlova, gjeld kapittel VI i forvaltningslova.</p>	<p><b>§ 10 Klage</b></p> <p>Klage skal grunngivast, og grunngivinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.</p> <p>Klage skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune der kommunen ikkje er vedtaksorgan. Med dei unntaka som går fram av § 6 og § 10 i stadnamnlova, gjeld kapittel VI i forvaltningslova.</p> <p><i>Klage på eigarfastsett skrivemåte av bruksnamn kan berre gjelde dokumentasjonen som eigaren har lagt fram for Statens kartverk, eller feil ved saksbehandlinga.</i></p>
<p><b>§ 11 Klagenemnda</b></p> <p>Klagenemnda skal oppnemnst av departementet. Medlemmene blir oppnemnde for fire år om gongen.</p> <p>Nemnda skal ha ein fast leiar som er jurist og to andre faste medlemmer oppnemnd på fritt grunnlag etter forslag frå KS (kommunenes arbeidsgiver-, interesse- og medlemsorganisasjon). I tillegg skal det oppnemnst ein språkkunnig representant for kvar av dei to offisielle målformene, ein kunnig i samiske språk og ein som er kunnig i kvensk.</p>	<p><b>11 Klagenemnda for stadnamnsaker</b></p> <p>Klagenemnda skal oppnemnst av departementet. Medlemmene blir oppnemnde for fire år om gongen.</p> <p>Nemnda skal ha ein fast leiar som er jurist, og to andre faste medlemmer <i>oppnemnde</i> på fritt grunnlag etter forslag frå <i>KS</i>. <i>I tillegg skal det oppnemnst ein språkkunnig representant for bokmål og ein for nynorsk, ein kunnig i samiske språk og ein som er kunnig i kvensk. Kvar medlem skal ha ein personleg varamedlem.</i></p>

<p>Medlemmene skal ha personlege varamedlemmer. Nestleiar er vara for leiar.</p> <p>Klagenemnda vil etter dette ha fem medlemmer ved behandling av norske stadnamn, elles minst fire medlemmer. Dersom stemmetalet står likt, avgjer leiaren saka.</p> <p>Når det gjeld norske stadnamn, er klagenemnda vedtaksfør når minst fire medlemmer er til stades, av desse leiar eller nestleiar. I saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, må nemnda vere fulltalig, det vil seie leiar eller nestleiar, to medlemmer oppnemnd på fritt grunnlag og den sakkunnige i samisk eller kvensk.</p>	<p>Klagenemnda vil etter dette ha fem medlemmer ved behandling av norske stadnamn og fire medlemmer <i>ved behandling av samiske og kvenske stadnamn</i>. Dersom stemmetala står likt, avgjer leiaren saka.</p> <p>Når det gjeld norske stadnamn, er klagenemnda vedtaksfør når minst fire medlemmer er til stades, av desse leiar eller <i>leiar personlege varamedlem</i>. I saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, er nemnda vedtaksfør når <i>minst tre medlemmer er til stades, av desse leiar eller leiar personlege varamedlem</i> og den <i>språkkunnige</i> i samisk eller kvensk.</p>
<p><b>12 Verknad av klage</b></p> <p>Underinstansen, klageinstansen eller eit anna overordna organ kan fastsetje at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avslag på søknad om utsetjing skal vere grunnitt.</p>	<p><b>Flytta opp som § 10 siste ledd.</b></p>
<p><b>§ 13 Gjenopptaking</b></p> <p>Vedtaksorganet avgjer om ei sak skal takast opp att. Det gjeld òg saker som har vore behandla i klagenemnda. Avslag på gjenopptaking kan påklagast til klagenemnda. Vedtaksorganet avgjer om saka skal ut på høyring.</p>	<p><b>§ 12 Gjenopning</b></p> <p>Vedtaksorganet avgjer om ei sak skal <i>gjenopnast</i>. Det gjeld òg saker som har vore behandla i klagenemnda. Avslag på <i>gjenopning</i> kan påklagast til klagenemnda. Vedtaksorganet avgjer om saka skal ut på høyring.</p>
<p><b>14 Stadnamnkonsulenttenesta</b></p> <p>Det skal oppnemnast to namnekonsulentar for norskspråklege stadnamn for kvart av dei geografiske områda Austlandet med Agderfylka, Vestlandet, Midt-Noreg og Nord-Noreg. Det skal også oppnemnast namnekonsulentar for nord-, sør- og lulesamisk og for kvensk. Konsulentane blir oppnemnde på åremål for seks år om gongen.</p> <p>Konsulentane skal gi råd og rettleiing til offentlege organ og andre som skal fastsetje skrivemåtar. Dei kan også gi råd i spørsmål om</p>	<p>Stroke.</p>



<p>namnsetjing og elles svare på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.</p>	
<p><b>§ 15 Sentralt stadnamnregister</b></p> <p>Registeret skal innehalde opplysningar om alle stadnamn som har fått skrivemåten vedteken etter lova. I tillegg skal registeret innehalde flest mogleg av andre stadnamn som er godkjende og brukte i offentleg samanheng etter gammalt regelverk.</p> <p>For alle namna skal registeret ha opplysningar om:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>skrivemåte av namnet</li> <li>status for skrivemåten (vedteken, godkjend, avslått m.m.)</li> <li>språk eller språkform (norsk, kvensk, nord-, lule- eller sørsamisk)</li> <li>objekttype (grend, gard, bruk, veg, vatn, elv, nes osv.)</li> </ol> <p>om det finst fleire namn i same språkform for</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>same namneobjekt, kva for namn som er mest vanleg brukt der ein har kunnskap om det</li> <li>koordinat med referanse til eit nasjonalt brukt koordinatsystem</li> <li>administrativ tilhøyrse (kommunennummer).</li> </ol> <p>For vedtekne namn skal registeret i tillegg ha følgjande opplysningar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>kven som har gjort vedtaket, og vedtaksdato identitetsnummer i det sentrale eigedomsregisteret (tidligare GAB</li> <li>(grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret)/matrikkelen) for namn som også skal brukast i dette registeret.</li> </ol> <p>For namn med status godkjend skal i tillegg registrerast:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>kva for offentleg bruk (t.d. kart, skilt) namnet er henta frå og publiseringsår eller tilsvarande.</li> </ol> <p>Statens kartverk er registerstyresmakt og skal syte for at opplysningane er allment tilgjengelege. Statens kartverk er ansvarleg for å utarbeide dei standardane og rutineane som skal nyttast ved rapportering til registeret. For vedtak som også skal brukast i GAB/matrikkelen, skal Statens kartverk syte for oppdatering mellom dei to registera.</p>	<p><b>§ 13 Sentralt stadnamnregister</b></p> <p><i>Sentralt stadnamnregister</i> skal innehalde opplysningar om alle stadnamn som har fått skrivemåten vedteken etter <i>stadnamnlova</i>. I tillegg skal registeret innehalde flest mogleg andre stadnamn som er godkjende og brukte i offentleg samanheng etter gammalt regelverk, <i>og tilhøyrande opplysningar om desse namna</i>.</p> <p>For alle namna skal registeret ha opplysningar om:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>skrivemåte av namnet</li> <li>status for skrivemåten (<i>foreslått</i>, vedteken, godkjend, avslått m.m.)</li> <li><i>språk</i></li> <li>objekttype (grend, gard, bruk, veg, vatn, elv, nes osv.)</li> <li>om det finst fleire namn <i>på</i> same <i>språk</i> for same namneobjekt, kva for namn som er mest vanleg brukt der ein har kunnskap om det</li> <li><i>flate, line eller punkt med koordinat referert i eit nasjonalt brukt koordinatsystem</i></li> <li>administrativ tilhøyrse (kommunennummer)</li> </ol> <p>For vedtekne namn skal registeret i tillegg ha følgjande opplysningar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>kven som har gjort vedtaket, og vedtaksdato</li> <li>identitetsnummer i det sentrale eigedomsregisteret (<i>matrikkelen</i>) for namn som også skal brukast i dette registeret</li> </ol> <p>For namn med status <i>som godkjende</i> skal i tillegg registrerast:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>kva for offentleg bruk (t.d. kart, skilt) namnet er henta frå, og <i>om mogleg dato for denne dokumentasjonen</i></li> </ol> <p>Statens kartverk er registerstyresmakt og skal syte for at opplysningane er allment tilgjengelege. Statens kartverk er ansvarleg for å utarbeide dei standardane og rutineane som skal nyttast ved rapportering til registeret. For vedtak som også skal brukast <i>i matrikkelen</i>, skal Statens kartverk syte for oppdatering mellom dei to registera.</p>

<p>Når eit namn ikkje er behandla etter reglane i lov om stadnamn, og to eller fleire skrivemåtar av namnet på same språk er i offentleg bruk og er registrerte i Sentralt stadnamnregister (SSR) som godkjende skrivemåtar, bør ein i offentleg bruk velje den skrivemåten som er brukt på namneeiningsplassen i SSR.</p>	<p>Når eit namn ikkje er behandla etter reglane i <i>stadnamnlova</i> og to eller fleire skrivemåtar av namnet på same språk er i offentleg bruk og er registrerte i Sentralt <i>stadnamnregister som godkjende skrivemåtar, skal</i> ein i offentleg bruk velje den skrivemåten som <i>er prioritert i Sentralt stadnamnregister</i>. stadnamnregister. Dette leddet gjeld stadnamn som ikkje er behandla etter reglane i stadnamnlova.</p>
<p><b>Rettleiingsdel med detaljerte språkregler mv.</b></p>	<p><b>Rettleiingsdelen blir teken ut av forskrifta.</b></p>

## 5. UTKAST TIL REVIDERT FORSKRIFT OM STADNAMN

### § 1 Generelle reglar om namnsetjing og fastsetjing av skrivemåten av stadnamn

*Når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør ein byggje på lokale nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden.*

*Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving. Namn som inneheld utdøydde eller uklare språkelement, skal som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Skrivemåten av stadnamn kan fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd.*

*Reglane i denne paragrafen gjeld for norske, samiske og kvenske stadnamn. For samiske og kvenske stadnamn skal det takast særleg omsyn til munnleg tradisjon.*

### § 2 Normering av lydleg overførte stadnamn i fleirspråklege område

*Lydleg lånte stadnamn som har fått ein innarbeidd uttale, skriv ein etter rettskrivingsreglane i låntakarspråket.*

*Ikkje-innarbeidd namneformer skal skrivast i samsvar med reglane i opphavsspråket.*

*Om eit lånt stadnamn inneheld eit ledd, oftast forledd, som er brukt i eit stadnamn i eit anna språk, kan namneleddet skrivast i samsvar med rettskrivingsreglane i dette språket. Den andre delen av stadnamnet, oftast etterleddet, skriv ein i samsvar med rettskrivingsreglane i låntakarspråket. I andre tilfelle skriv ein namneleddet i samsvar med reglane i låntakarspråket.*

### § 3. Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn

*Ved fastsetjing av skrivemåten skal ein som hovudregel velje den rettskrivingsforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.*

### § 4 Særlege reglar om skrivemåten av samiske stadnamn

*Ved fastsetjing av skrivemåten av samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i nordsamisk, lulesamisk, skoltesamisk eller sørsamisk. Skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kan normerast etter skoltesamiske rettskrivingsprinsipp. Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland sør til Tysfjord kommune. Lulesamisk rettskriving skal brukast herifrå og sørover til Meløy kommune. Frå Rana kommune og sørover skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei enkelte språkområda skal ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det. Dersom det er brukt fleire samiske namn om det same namneobjektet, skal som hovudregel det eldste namnet brukast av det offentlege.*

I avveginga av ulike omsyn skal ein leggje vekt på at stadnamna får ein einskapleg skrivemåte innanfor *dei ulike samiske språkområda*.

### **§ 5 Særlege reglar om skrivemåten av kvenske stadnamn**

Ved fastsetjing av skrivemåten av kvenske stadnamn skal ein ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. *Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.*

### **§ 6 Bruk av eittspråklege namn**

Når eit namneobjekt har berre eit samisk namn, eit kvensk namn eller eit norsk namn, skal dette namnet brukast utan omsetjing eller tilpassingar.

### **§ 7 Bruk av fleirspråklege namn**

#### Alternativ 1:

*Dersom eit namneobjekt har namn på fleire språk, skal ein i samanhengande tekst bruke det namnet som samsvarer med språket i teksten.*

På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal *kommunen* fastsetje rekkjefølgja av namna. Når ein fastset rekkjefølgja, skal ein ta omsyn til språkbruken på staden. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkjefølgja vere samisk, norsk, kvensk.

Der det av praktiske årsaker er særskilt vanskeleg å bruke fleire namn, skal det i valet mellom norsk, samisk og kvensk leggjast vekt på kva for eit namn *som er best kjent på staden*. Det norske namnet treng ikkje å vere med dersom det er ei lydleg tilpassa og ikkje særleg kjent form av eit samisk eller kvenske namn og såleis skil seg lite frå desse *namna*.

#### Alternativ 2:

Som a, men andre ledd skal lyde slik:

På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal *kommunen* fastsetje rekkjefølgja av namna. Når ein fastset rekkjefølgja, skal ein ta omsyn til språkbruken på staden.

### **§ 8 Saksbehandling**

Dei som vil ta opp saker om fastsetjing av skrivemåten av stadnamn, må ta dei opp med det organet som etter stadnamnlova § 5 andre og tredje ledd skal gjere vedtak om skrivemåten. Vedtaksorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Dersom ei sak synest å vere særleg innfløkt, kan det innhentast førebels *vurdering* frå namnekonsulentane.

Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Det skal setjast av to månader til høyring av dei som etter stadnamnlova § 6 første ledd har rett til å uttale seg. *Namnekonsulentane skal behandle saka utan ugrunna opphald. I saker som gjeld nedervde bruksnamn, kan eigaren fastsetje skrivemåten utan lokal høyring og tilråding frå namnekonsulentane.*

I område med samiske og/eller kvenske stadnamn må saka også sendast til namnekonsulentane for samisk og/eller kvensk slik at dei kan vurdere om saka gjeld

parallellnamn og gi ei førebels  *vurdering av skrivemåten*. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte.

*Saker om skrivemåten av daglegnamn skal behandlast på same måten som dei offisielle bruksnamna. Med daglegnamn er meint namn som er nytta i samsvar med den lokale tradisjonen, men som ikkje er identiske med dei offisielle bruksnamna som er registrerte i offentlege register.*

I saker der same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten *for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, fastsetjast først. Er dette eit nedervd bruksnamn der eigaren ønskjer å fastsetje skrivemåten etter stadnamnlova § 6 andre ledd, treng ein ikkje reise namnesak for det tilsvarande gardsnamnet samtidig, med mindre eigaren ber om det.*

## **§ 9 Vedtak**

Vedtak *etter stadnamnlova* skal vere skriftlege. Fagleg grunngeving for vedtaket skal givast samtidig med vedtaket for bruksnamn og gardsnamn, *med unntak for eigarfastsette skrivemåtar av bruksnamn*. Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, kan krevje å få grunngevinga etterpå for andre enkeltnamn. Grunngevinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og om nødvendig sitere denne. Dei faglege føresetnadene og den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket, skal også takast med.

Melding eller kunngjering om vedtak skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist, framgangsmåte ved klage, vidare om rett til å sjå saksdokumenta og om høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga avgjort.

Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket er kommen fram. Dersom meldinga skjer ved offentlig kunngjering, tek klagefristen til den dagen vedtaket blei kunngjort første gongen.

Det organet som gjer vedtak, skal sende melding til partane i saka, til vedkommande *kommune eller fylkeskommune* (jf. stadnamnlova § 6 første ledd) dersom *kommunen eller fylkeskommunen* ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til namnekonsulenttenesta og til *Sentralt stadnamnregister*. *For vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal kommunen sende melding til eigarane av bruk som vedtaket får verknad for.*

Vedkommande kommune skal syte for å gjere vedtaket kjent for dei i kommunen som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, men som ikkje er part i saka.

## **§ 10 Klage**

Klage skal grunngivast, og grunngevinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Klage skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune der kommunen ikkje er vedtaksorgan. Med dei unntaka som går fram av § 6 og § 10 i stadnamnlova, gjeld kapittel VI i forvaltningslova.

*Klage på eigarfastsett skrivemåte av bruksnamn kan berre gjelde dokumentasjonen som eigaren har lagt fram for Statens kartverk, eller feil ved saksbehandlinga.*

### **§ 11 Klagenemnda for stadnamnsaker**

Klagenemnda skal oppnemnst av departementet. Medlemmene blir oppnemnde for fire år om gongen.

Nemnda skal ha ein fast leiar som er jurist, og to andre faste medlemmer *oppnemnde* på fritt grunnlag etter forslag frå KS. I tillegg skal det oppnemnst ein språkkunnig representant for *bokmål og ein for nynorsk*, ein kunnig i samiske språk og ein som er kunnig i kvensk. *Kvar medlem skal ha ein personleg varamedlem.*

Klagenemnda vil etter dette ha fem medlemmer ved behandling av norske stadnamn og fire medlemmer *ved behandling av samiske og kvenske stadnamn*. Dersom stemmetala står likt, avgjer leiaren saka.

Når det gjeld norske stadnamn, er klagenemnda vedtaksfør når minst fire medlemmer er til stades, av desse leiar eller *leiar personlege varamedlem*. I saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, er nemnda vedtaksfør når *minst tre medlemmer er til stades*, av desse leiar eller *leiar personlege varamedlem* og den *språkkunnige* for samisk eller kvensk.

### **§ 12 Gjenopning**

Vedtaksorganet avgjer om ei sak skal *gjenopnast*. Det gjeld òg saker som har vore behandla i klagenemnda. Avslag på *gjenopning* kan påklagast til klagenemnda. Vedtaksorganet avgjer om saka skal ut på høyring.

### **§ 13 Sentralt stadnamnregister**

*Sentralt stadnamnregister* skal innehalde opplysningar om alle stadnamn som har fått skrivemåten vedteken etter *stadnamnlova*. I tillegg skal registeret innehalde flest moglege andre stadnamn som er godkjende og brukte i offentleg samanheng etter gammalt regelverk, og *tilhørande opplysningar om desse namna*.

For alle namna skal registeret ha opplysningar om:

- a) skrivemåte av namnet
- b) status for skrivemåten (*foreslått*, vedteken, godkjend, avslått m.m.)
- c) *språk*
- d) objekttype (grend, gard, bruk, veg, vatn, elv, nes osv.)
- e) om det finst fleire namn *på same språk* for same namneobjekt, kva for namn som er mest vanleg brukt der ein har kunnskap om det
- f) *flate, line eller punkt med koordinat referert i eit nasjonalt brukt koordinatsystem*
- g) administrativ tilhøyrse (kommunenummer)

For vedtekne namn skal registeret i tillegg ha følgjande opplysningar:

- h) kven som har gjort vedtaket, og vedtaksdato
- i) identitetsnummer i det sentrale eigedomsregisteret (*matrikkelen*) for namn som også skal brukast i dette registeret

For namn med status *som godkjende* skal i tillegg registrerast:

j) kva for offentleg bruk (t.d. kart, skilt) namnet er henta frå, og *om mogleg dato for denne dokumentasjonen*

Statens kartverk er registerstyresmakt og skal syte for at opplysningane er allment tilgjengelege. Statens kartverk er ansvarleg for å utarbeide dei standardane og rutineane som skal nyttast ved rapportering til registeret. For vedtak som også skal brukast *i matrikkelen*, skal Statens kartverk syte for oppdatering mellom dei to registera.

Når eit namn ikkje er behandla etter reglane i *stadnamnlova* og to eller fleire skrivemåtar av namnet på same språk er i offentleg bruk og er registrerte i Sentralt *stadnamnregister* som godkjende skrivemåtar, *skal* ein i offentleg bruk velje den skrivemåten som *er prioritert* i *Sentralt stadnamnregister*. Dette leddet gjeld stadnamn som ikkje er behandla etter reglane i *stadnamnlova*.